

Protokoll for årsmøtet i Hjelmeland Samfunnshus SA

Tid og stad: torsd 7. juni 2018 kl. 19:00–20:30 på Hjelmeland Samfunnshus

Frammøtte: Leif Velde-Johannessen, Edel Gausland, Krister Seljeset, Martin Bischoff, Judith Synnøve Svendsen, Marianne Hausken Olsen, Hilde Hauge og Morten Hetland.

Sak 01/2018: Godkjenning kven som har stemmerett

Alle dei frammøtte har stemmerett på årsmøtet. Til neste årsmøte skal styret, så langt det lar seg gjera, rekonstruera medlemslista over andelseigarar.

Sak 02/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var kalla inn til årsmøtet ved annonsering i Strandbuen fredag 18. og fredag 25. mai. Det blei òg lagt ut informasjon og saksdokument på nettstaden til Hjelmeland Samfunnshus SA.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 03/2018: Val av møteleiar og møteskrivar

Vedtak: Leif Velde-Johannessen blir valt som møteleiar, og Morten Hetland som møteskrivar.

Sak 04/2018: Val av to representantar til å godkjenna møteprotokollen

Vedtak: Hilde Hauge og Marianne Hausken Olsen blir valde til å godkjenna møteprotokollen.

Sak 05/2018: Godkjenning årsmelding for 2017

Fungerande styreleiar orienterte om årsmeldinga for 2017, og utdjupa på spørsmål frå årsmøtet. Årsmeldinga blir retta, slik at det står at Linda Meltveit er tilsett som timelønna reinhaldar. Årsmøtet hadde elles ingen merknader.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga for 2017, med retting om at Linda Meltveit er tilsett som timelønna reinhaldar.

Sak 06/2018: Godkjenning av rekneskapen for 2017

Økonomiansvarleg Judith Synnøve orienterte om rekneskapen for 2017.

Vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2017, inkl. disponering av overskot ved overføring til føretaket sin eigenkapital.

Sak 07/2018: Justering av vedtektene

Fungerande leiar gjekk gjennom styret sitt forslag til justering av vedtektene. Viktigast er å få korrigert at namnet på føretaket er Hjelmeland Samfunnshus SA, og at ein i føremålsparagrafen må stryka innhaldet om drift av amatør-teater; dette på bakgrunn av årsmøtevedtak 06.06.2017. Elles føreslår styret å presisera kva som er styret si rolle, og at føretaket ikkje skal ha dagleg leiar. Vidare er det tatt med presiseringar av årsmøtet si rolle, samt meir utfyllande liste over kva saker årsmøtet skal behandla.

Vedtak: Årsmøtet vedtar justerte vedtekter i samsvar med forslaget til styret.

Sak 08/2018: Handlingsplan for 2018/2019

Årsmøtet drøfta tiltak og arrangement, og kom fram til følgjande overordna handlingsplan for 2018/2019:

- Oppgradera Foajéen i løpet av sommarferien/hausten 2018
- Loppemarknad i oktober 2018
- Bygdajulebord i november/desember 2018
- «Syng med oss!» i løpet av arbeidsåret
- Humorbattle i løpet av arbeidsåret

Vedtak: Styret tar med seg innspela i handlingsplanen for 2018/2019 i det vidare arbeidet.

Sak 09/2018: Val av styremedlemmer

Morten Hetland, Marianne Hausken Olsen og Henrik Smith er ikkje på val. Judith Synnøve Svendsen og Hilde Hauge ynskjer ikkje å stilla til attval.

Henrik Smith ynskjer å trekkja seg frå vervet eitt år før tida. Dersom årsmøtet godtar dette, må det finnast nytt varastyremedlem for eitt år.

Leif Velde-Johannessen har takka ja til å bli valt som leiar.

Edel Gausland, Ole Henrik Olsen og Krister Seljeset har takka ja til å bli valt som styremedlem.

Martin Bischoff har takka ja til å bli attvalt som varastyremedlem.

Årsmøtet valde, ved akklamasjon, følgjande styre for 2018/2019:

Leif Velde-Johannessen	leiar	2 år <i>ny</i>
Marianne Hausken Olsen	nestleiar	1 år <i>ikkje på val</i>
Morten Hetland	økonomi/administrasjon	1 år <i>ikkje på val</i>
Edel Gausland	styremedlem	2 år <i>ny</i>
Krister Seljeset	styremedlem	2 år <i>ny</i>
Ole Henrik Olsen	1. varastyremedlem	2 år <i>ny</i>
Martin Bischoff	2. varastyremedlem	1 år <i>attval</i>

Leif Velde-Johannessen, Marianne Hausken Olsen og Morten Hetland blei valde som Hjelmeland Samfunnshus SA sitt arbeidsutval.


Konstituerande styremøte for det nye styret: måndag 25. juni kl. 19:30–21:00.

Møteskrivar:



Morten Hetland

Godkjent av:



Hilde Hauge



Marianne Hausken Olsen